

Ny temakveld med Jørn Øyre hagen Sunde i september.

12.02.2017



Jørn Øyre hagen Sunde då han var i Uskedal kyrkje i desember.

Det var to svært vellukka tamakveldar med professor Jørn Øyre hagen Sunde i Uskedal kyrkje i 2016.
Tilbakemeldingane frå tilhøyrarane etter desse har vore særdeles gode. Det har også vore sterke ønskje om at han må koma tilbake, og derfor er det svært kjekt å kunna meddela at den dyktige formidlar kjem tilbake 8.september.

Det er i år 500 år sidan reformasjonen starta ved at Martin Luther slo opp 95 teser på kyrkjedøra i Wittenberg. I anledning Luther-jubiléet, vil Jørn Øyre hagen Sunde kome til Uskedal kyrkje og halde føredraget 'Fem tesar om reformasjonen sine verknader på vårt samfunn' fredag den 8.september. Han vil gjerne hengja dei 5 tesane på kyrkjedøra nokre dagar før førelesinga, for å knyta dei historiske banda, og for å gje folk noko å tenkja på.

Dette føredraget vert innleiinga på ei stor helg i Uskedal kyrkje. Laurdag og søndag vert nemleg dei som vart konfirmert for 50/51, 60/61 og 70/71 år sidan invitert til jubileumsmarkering. Dermed vert Luther-føredraget også ein ekstra godbit for dei. Invitasjonar til konfirmantjubiléet vert sendt ut før sommaren.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Reidar Myklebust